


# FØRST LITT OM STAVKYRKJER GENERELT;


Dei fleste av stavkyrkjene i Norge vart truleg oppsett mellom år 1100 og 1200. Dette vert rekna som det store kyrkjebyggings-århundret. I løpet av ca 200 år, frå noko før 1100-talet og fram imot 1300 er det rekna med at det vart reist 1200 kyrkjer i landet, og anslag-vis fem av seks var stavkyrkjer. Kvar sjette kyrkje vart då oppført i stein, murverk i naturstein. Lafteteknikken vart ikkje teke i bruk til kyrkjebygging før på 1600-talet.



Til venstre: laft med növ; til høyre: hjørne i stavverk

Laft er liggande tømmerstokkar som vert lagt opp på kvarandre og som i alle hjørner vert låst saman med tilhogging av spor (profilar) i stokkane. Lafteveggane er i seg sjølv den berande konstruksjon for takverket og når tyngda av dette vert lagt opp på er bygningen låst og stabil. I stavkonstruksjonen kviler taket på stavar eller master som er oppsett med ein viss avstand tilpassa størrelsen på bygget. Desse stavane eller mastene kan stå både i ytterveggane og frittstående inne i romet. Mellom stavane i ytterveggane vert det innfelt botn-svill og toppsvill som veggtilene eller veggstavane er låst fast til ved uthogd spor. Dei innvendige fritt-ståande stavane (mastene) understøtter ein bjelke eller raftall som takverket kviler på. Ein slik bygning er svært ustabil og til avstivning vert det

brukt kne, det er bogeforma trestykke som er innfelt i alle vinkelpunkt og samanskjeringar. Kne er også brukt i trebåtbygging.



Konstruksjonen har svært mykje til felles med stavløa som Vestlandet må ha hatt fleire tusen av. Stavløa har eit innvendig stavverk som bærer taket og som er avstiva med mange og store skråband. Denne typen avstivning kunne sjølv sagt ikkje nyttast i kyrkjer, det ville nok vera litt for primitivt, men prinsippet for byggemåten er den samme. Ytterveggen her har ingen berande oppgåve, den er kun eit vern mot ver og vind. På grunn av avstanden til yttervegg er den berande staven godt skjerma for væte og stavløa kan difor ha ei svært lang levetid. Ytterveggen kan nårsomhelst uten problem takast ned og skiftast ut. Mellomromet mellom stav og yttervegg vert kalla "skytja", difor er dette ei "skytjeløde".

Ei kyrkje vil sjølv sagt få ei anna reisning over taket for å skape innvendig volum og den vil difor heller ikkje vera tekt med torv. Den vil også vera bygd av utvalde materialer og forseggjort på alle måtar, men det grunnleggande prinsipp for konstruksjonen er den same. Denne skytjeløde-typen er ein fortsettelse av det ein kallar tidleg viking og jernalderbygning som er same type som ein i 1994 fann spor etter under utgraving på Rovde.


Av dei ca 1000 stavkyrkjene som vart reist på 1100 og 1200-talet, er det no berre ca 30 som står, og mange av dei er ombygd slik at dei ikkje er attkjennande. Dei aller fleste av dei som har "overlevd" står i innlandet der klimaet er eit heilt anna enn ute ved kysten. Av "kystkyrkjene" er det att berre tre, Grip, Rødven og Kvernes.

Av dei 30 som er igjen er det ikkje to som er like, bortsett frå at alle er stavkyrkjer med ei mengd bygningstekniske detaljer felles. Det ser såleis ikkje ut som det har funnest nokon mal eller "typeteikning" for utforming og fasong. I vikingtida var skipsbygging utført eller i alle fall administrert av spesialistar, "knarresmedar", og ein skulle tru at kyrkjebygging også var såpass spesiellt at der var "kyrkjesmedar" som tok på seg slikt arbeid. Det ville då vera rimeleg at ein mester hadde ein type som han hadde spesialisert seg på. Det kan vera at det er for få kyrkjer att til å gje ein slik tyding. Det kan også tenkjast at byggherren eller framtidig eigar hadde egne ynskjer og det kan ha vore teke hensyn til lokal byggeskikk. Det siste er vel mest rimeleg.

Ved arkeologiske utgravingar under eksisterande kyrkjer er det påvist at dei første stavkyrkjene hadde jordgravne stavar eller stolpar. Det vil seia at dei berande stavane var sette ned i hol i jorda og fastkilte med stein og fyllmasser. På same måten vart det gjort i jarnalderhusa og det vert brukt same metode idag ved oppsetting av f.eks. telefonstolpar. Jordgravne stolpar får ein god stabilitet og gjer bygningen stødig. Bakdelen er at jordfuktighet vil trenge inn i den jord-gravne enden og den vil bokstavelig talt "råtne på rot". Det er antekt at denne metoden gjekk ut av bruk mellom år 1000 og 1100. Kyrkjene vart då sett på ein grunnmur med syldstokkar og svillar som basis. Desse kyrkjene med jordgravne stolpar hadde ei avgrensa levetid og kva tid dei første vart reist er uvisst. SNORRE fortel at då Håkon Adalsteinsfostre (den Gode), 933 - 959, kom til Mære ved Steinkjer og ikkje ville blota ilag med trønderane, reiste ut-trønderane med fire skip sør til Møre og drap der tre prestar og brende tre kyrkjer. Dette var før år 950. Om vi kan tru på Snorre så var det reist kyrkjer på Møre alt då. Når vi så veit at den kristne påvirkninga kom frå England - Irland, må vi tru at lenger sørover Vestlandet var mange fleire kyrkjer på det årstalet.

Stavkyrkjene deler fagfolka gjerne inn i to hovedgrupper. Den som her vert vist tverrsnitt av høyrer til A-gruppen som vert beskriven slik; Uten frittstående master (søyler, stavar)- under ett mønetak. Dei tre Mørekyrkjene Grip, Rødven og Kvernes er alle av denne typen. Alle desse er enskipa.

Tverrsnittet her viser skipet til Holtålen Stavkyrkje som no er flytta til Trondheim. Den sto i eldre tider i Gauldalen og er vel ei av dei minste i landet.




Skipets rektangel måler litt over 5 x 6 meter, og koret er rundt 3 x 3,5 meter.

Men den er gammal og er nemnt første gong i offentlege dokument i 1345. Denne har stavar eller stolpar berre i ytterhjørna og er vel den enklaste ein veit om.

Saksetakstolar av denne typen er vanleg både på store og små kyrkjer. Dei tre Mørekyrkjene er vesentleg større, men ingen av denne typen har innvendig frittstående stavar eller stolpar. Grip, Rødven og Kvernes har alle innsett mellomstavar eller berande stolpar i ytterveggane. Desse går inn i ein felles konstruksjon ilag med tilene i ytter-veggen. Kyrkjer av denne typen kan difor ikkje samanliknast med vår "skytjeløde". Den andre hovudgruppa er B-typen, som vert beskriven slik: Med frittstående master (søyler, stavar – med oppheva midtrom under delt tak. Dei flesta av dei igjenverande kyrkjene er av denne typen, og alle av desse star i innlandet.

Her vert vist eit tverrsnitt av Borgund Stavkyrkje som er av den såkalte B-typen. Vi ser her at dei berande stavane (mastene) går opp gjennom sjølve kyrkjeromet og er grunnlaget for det opphøgda midtromet. På denne skissa vert det også vist tårnet og dei utvendige svalgangane med



taka over desse. Litt over midten av stavane er det innlagt horisontale tenger med kryssavstivningar mellom (Andreas-kors).

Takstolane over det høge midtpartiet er av samme typen som i Holtålen (A-gruppen).

Stavkyrkjer som høyrer til B-gruppen har bedre stabilitet enn A-gruppen og ingen av desse har oppsett desse svære utvendige skorene som skulle sikre bygningen. Av dei igjenståande stav-kyrkjene står alle av B-gruppen i innlandet.

Slik som desse kyrkjene er oppbygd, med tak over tak og ei mengd med tak og veggsaman-skjeringar høver dei svært dårleg i kystklima.

Borgund stavkyrkje er ei av dei minste av denne typen. Den har ikkje blitt vesentleg ombygd og er den som framstår i mest original tilstand.

Denne grovoppdelinga i dei to hovedgruppene A og B er etter mitt syn noko mangelfull.

Det burde også vera ei tredje gruppe (C-gruppe) som kunne beskrivast slik;

Med frittståande master (søyler, stavar-) under ett mønetak. Ei slik type bygning vert då ein mellomting mellom A og B-typen og vil ha eit

eksteriør som høver mykje betre i kystklima.

Dei steinkyrkjene som vart bygde på Vestlandet i denne tida (11 og 12-hundretal) har denne hovudforma; Hovudskipet under ett mønetak, koret under ett mønetak. Av desse kan nemnast Giske, Åheim og Vereide. Ein kyrkjebygning i stav-verk av denne typen vil vera ein del av vestlandsk byggjetradisjon og vert ein nær slektning av skytjeløda som vi kjenner så godt til. I skytjeløda er ei mengd skråband innvendig både i lengde- og tverr-retninga. Desse kunne ikkje brukast i ein kyrkjebygning og det er rimeleg at ein i staden brukte "kne" alle stader som det var mulig og når det ikkje vart nok sette ein opp desse svære "skorene" eller skråstøttene utvendig for å stive av bygningen. Det var viktigare med eit vakkert interiør enn eksteriør. I kyrkjerekneskapane finn vi at ei mengd av kyrkjene på Vestlandet hadde dette systemet med utvendig avstivning av bygningen. Av dei stavkyrkjene som no står igjen i innlandet veit eg ikkje om ei einaste som har eller har hatt denne avstivningsmåten. Dette kan tyda på at Vestlands-kyrkjene var av ei anna type enn innlandskyrkjene som er av B-typen. Dei tre på Nordmøre er også ein bekræftelse på dette.

## REKONSTRUKSJON AV SYVDE STAVKYRKJE;

Kva tid den gamle kyrkja i Syvde er bygt var heilt uråd å seia, men det er rimeleg å tru at ho vart oppført mellom 11- og 12-hundretalet slik som dei fleste av dei gamle stavkyrkjene.

Vi veit at der sto kyrkje i 1430, like etter svartedauden, og at den då skulle vera nyoppført er heilt

urimeleg. Landet var då i ein krisesituasjon, både befolkningsmessig og økonomisk. Etter rekneskapen vart det i 1650-åra utskift vitale bygningsdeler (syldstokkar) som godt kan ha ei levetid på 200 år eller meir. Vi må difor gå ut i frå at kyrkja i alle fall er frå føre pesten. Om der har vore ombygningar eller påbygningar har desse vore utført før 1650. I tida frå 1650 til kyrkja vart riven i 1835 vart det kun foreteke reparasjonar og vedlikehold.

Då det vart bestemt at kyrkja skulle rivast var det ikkje fordi den var forlita etter folketalet slik som med Jetmundskyrkja på Åheim. Vi kan her ta med ei visitasmelding frå 1834 av bispen dr. Jacob Neuman; *Søvde Kirke. I anledning af at Visitator ved forrige Aar at ansee denne Kirke havde fundet den som han troede upassende som Gudshus for en Christelig Menighed i en oplyst Tidsalder, og desangaaende nu gjorde Motion til vedkommende Eiere, enedes man om at en Besigtigelse i Mindelighed først skulle foretages for at komme til fuldkommen Vished om, hvorvidt Kirken maatte være så brøstholdig at den tiltrænger en Hovedreparation eller ikke. Skulle det nu befindis at Kirken i det Væsentlige er solid, da ville Kirke-eierne for at møde Almuens Ønske, forsyne den med et lidet Taarn og Teglestenstag og vende Bordkledningen, at den kunde mottage Maling, hvis almuen, hvorom man ikke tvivlede, ville yde 1 a 2 Arbejdsdager.*

I denne visitasmeldinga ligg det underforstått at kyrkja egentlig tilfredstilte kravet om størrelse, spørsmålet var om ho var så "brøstfeldig" at det ikkje var noko å reparera på, eller om kyrkja kunne gjennomgå ein hovedreparasjon for å bli "passende en Christelig Menighed".

Tårnet som er nemnt i 1717 -1719 er antagelig nedrive, for kyrkjeigarane tilbyr seg her å forsyne den med eit nytt tårn, nytt pannetak og å snu og male bordkledninga.

Vi kan her ta med ein del av neste visitasmelding;

*SøvdeKirke. I anledning af at det i f.A. i Visitasmøde bestemte indfandt Visitator sig den 26de april med Søvde Sogns Almue og Kirkeeierne angaaende hvorvidt Kirken skulle undergaae en Hovedreparation eller Aldeles nedrives og bestemtes da, at da Kirken ved 2de afholdte Besigtigelses-Forretninger var befunden at være brøstholdig, bliver den at nedrive og en ny opføres af Tømmer i Form av nr.1 af de ved Statsbyggnings-Intendant Lindstovs Utgivne Kirketegninger.*


*De fornødne Træmaterialer anskaffer Almuen mod at erholde af Kirkeeierne den gamle Kirkebygning med Undtagelse af Indredningen, og foretages Arbeidet ud Foraaret 1836, og fortsætter i dette og følgende aar, indtil Kirken er færdig.*

Dette viser at det var kyrkja sin tilstand og ikkje størrelsen som gjorde at den vart riven. Når almuen skulle skaffe nye trematerialer mot å overta den gamle kyrkjebygninga må ein gå ut i frå at dei beste materialane vart nytta i den nye kyrkja. I dei tilfeller der det har vorte nytta materialer frå gamlekyrkja til ny kyrkje er desse gamle materialane funne i golvkonstruksjonen. Om den noverande kyrkja i Syvde nokongong er undersøkt for om mogleg å finna bygningsrestar av den gamle stavkyrkja veit eg ikkje, men golvet er no isolert med underkledning som gjer at konstruksjonen er innebygd.

Etter dei her gjengitte visitasmeldingar kan vi rekna med at stavkyrkja i Syvde hadde ein viss størrelse og innvendig volum, i alle høve større enn den andre kyrkja i prestegjeldet, på Åheim.

Når ein skal forsøke seg på ein rekonstruksjon vert denne i høgste grad basert på gjetning og antakelsar. Rekneskapen gjev nokre holdepunkt, men slett ikkje nok til at ein med ein viss grad av sikkerhet kan fastslå størrelse og volum. Derimot gjev rekneskapen fleire holdepunkt når det gjeld utforming og fasong.

**TAKVERK;** Det er naturleg å byrja med den bygningsdelen som ein har fått best dokumentasjon på, nemlig takverket på hovedskipet; Sperrer og taksviler (vindskier) er gjentekne gonger nemnde med 12 alens lengde. Det er difor ingen tvil om at taksida på hovedskipet er 12 alen frå møne til raft målt etter taksida. 12 alen er 7,56 meter, altså ei etter måten stor taksida. Dette målet kan vera ei hjelp til å fastsette kyrkja si breidde, det som då vert avgjerande er takvinkelen. Vi må anta at denne vart vald etter kva som var vanleg i nabolaget. Om vi ser på kyrkja på Åheim vil eg tru at takvinkelen der er mellom 55 og 60 grader. Den er tidfesta til ca. 1150. Kva for kyrkje som er eldst er ikkje godt å seia, men ein kan vel anta at den eine i nokon grad



har vore modell for den andre.

Takvinkelen skulle vera bratt for at kyrkja skulle utmerkje seg i høve til andre bygningar og for å få innvendig høgde og volum. Det var også nødvendig med godt fall på taket for at tekninga av bord skulle ha ein god funksjon. Om vi no tenkjer oss ein takvinkel på 57 grader vil takverket få ei utvendig breidde på 8,30 meter. Den loddrette høgda på takverket vert 6,40 meter som skissa viser. Dette er truleg ein sannsynleg takprofil.

På dei igjenståande stavkyrkjene er ikkje takutstikket ved rafta spesielt stort, eg vil tru at 30 cm er eit høveleg utstikk. Ved å trekkja ifrå totalbreidda 2 gonger takutstikk a 30 cm vert ei anteken breidde på hovedskipet sin bygningskropp 7,70 meter, utvendig målt.


Vi kan her samanlikne med andre kyrkjer frå denne tida; Rødven sitt skip måler 6,5 x 9 meter, Kvernes sitt skip 7,5 x 16 meter, Sandekyrkja som også var ei korskyrkje vart oppmålt før den vart riven og skipet er oppgitt til 44 x 28 fot, som vert ca 13,7 x 8,7 meter, men den var iflg. Strøm ei stor kyrkje. Stavkyrkja i Kaupanger i Sogn har ei breidde på vel 8 meter og ei lengde på skipet på 14 meter. Eg vil tru at ei utvendig breidde på Syvdekyrkja på 7,7 meter skulle vera innanfor det som kan akseptast. Det er likevel klart at ei lita endring av den teoretiske takvinkelen vil gje ei endring i totalbreidda.

Når vi no vidare skal dimensjonera bygningskroppen under dette taket har vi ein del holdepunkt i rekneskapen. År 1660 vart det innsett ein ny stav "udi", altså inne i kyrkja. Denne staven var 9 alen lang = ca. 5,7 meter. I dei to mørekyrkjene Kvernes og Rødven er dei berande stavane eller stolpane ein integrert del av ytterveggen og kyrkjerommet er såleis fritt for berande konstruksjonar. Kvernes sin yttervegg er imidlertid berre 4,6 meter høg totalt og Rødven sin yttervegg er ca 4 meter. Det er nærmast utenkjeleg at ein stav med ei slik lengde som her er nemnt er ein del av sjølve ytterveggen. Syvdekyrkja ville då få ei urimeleg stor høgde totalt og det ville verta store avstivnings eller avstøtnings-problem. I tillegg til sjølve stavlengda 5,7 meter skulle der også vera ein botnsvill og ein raftall eller stavlæggje på toppen som kanskje kunne byggja 40 til 50 cm tilsaman, altså ei total vegghegde på over 6 meter.

Vi må difor gå ut i frå at den berande stavrekka, også kalla "kolonnaden", låg eit stykke innafor ytterveggen slik som i den tidlegare nemnde "skjytjeløda". Ved å plassere denne stavrekka

mellom 1 og 1,3 meter innafor ytterveggen vil konstruksjonen framstå med høvelege proporsjonar, og dei avstivningsproblem som vi veit Syvdekyrkja hadde vert i nokon grad løyselege.

**TVERRSNITT;** Om vi no samanliknar med stavkyrkja i Kaupanger, Sogn, som har ei breidde på 8 meter, ligg stavrekkja der ca 1,3 meter inne i kyrkjeromet. Avstanden mellom stavane i stavrekkja er der ca. 1,5 meter. No kan vi ikkje direkte samanlikne med Kaupangerkyrkja



fordi denne var av den såkalla B-typen med opphøgda midtrom, noko som det er heilt klart at Syvdekyrkja ikkje hadde. Kor stor avstanden mellom stavane i lengderetninga var i Syvdekyrkja får vi diverre inga opplysning om i rekneskapen. Ved å byggja seg nedover frå den før omtalte takprofil vil ein få eit tverrsnitt av hovud-skipet på kyrkja som ser ut som på skissa. Ved punkt A er ein takås eller stavlæggje. Den kan ikkje kallast raftall fordi den ikkje ligg ved rafta, og vi ser av beskrivel-sen etter stormskaden i 1690 at det er nemnt ein bjelke eller bete "som holder Stafuerne tilsammen". Den gjaldt repara-sjon av korset, men det er truleg samme bygningsdel, og ein har nok vore i tvil om rette namnet.

B er den nemnde staven med høgd 5,7 m som står på ein syldstokk C. Høgda frå C til knutepunkt A vert då i underkant av 6 meter. Takkonstruksjonen i midtromet kan ha vore

saksetakstol som det vert vist her og som går igjen i dei fleste av landet

sine stavkyrkjer. Kyrkja må ha stått på ein lav mur av naturstein, kanskje ikring ein halv meter høg, og syldstokkane låg nok på nokre større fundamentsteinar.

Om vi reknar med grunnmuren vil dette tverrsnittet av hovedskipet ha ei totalhøgde på over 10,6 meter til mønet. I tillegg kjem eventuelt tårn eller spir. Dette trur eg er ein realistisk størrelse.

Der er og nemnt andre ting i rekneskapen som støttar ei slik løysing som her er vist. År 1660, samtidig som denne staven vart innsett vart det teke ein stor reparasjon på golvet i hovedskipet. Det er då utskift ein del av syldstokkane som alle er nemnt å ligge "under" kyrkja, og spesielt er nemnt ein som er utskift "under Qvindfolchstoelene". Det er difor klart at syldstokkane låg inne i kyrkja og desse stokkane er som kjent fundamentar for dei berande stavane.

I rekneskapsperioden 1717 - 19 var den nordre kyrkjesvill nedseget og den vart då oppveiet og det vart innlagt eit steinlag på grunnmuren. Dette var eit arbeid som ikkje kosta meir enn 2 mrk. Dette ser vi ofte også på dei gamle skytjelødene, når grunnmuren sviktar eller nederste del av ytterveggen råttnar bort vil den ytterste del av taksida svikta og taket vert kulryggja over stavrekkja som er den egentlige berekonstruksjonen. Dette er enkelt å retta opp og byggja oppunder eller reparera den ytterste veggen. Om den berande konstruksjonen sto i ytterveggen vart nok problemet mykje større, for då måtte faktisk heile bygningen løftast opp ved evt. oppretting. Dette er også eit indisium på at bygningen var slik som det her er skissert.

Grunnmurane under desse gamle stavkyrkjene vart berre lagt eller murt opp på torva. Kyrkjene kunne ikkje oppvarmast og om vinteren fraus dei opp og sette seg på plass igjen når våren kom. Gjennom denne årlege prosessen fekk ein ulike setningar under bygningen og etter som hundre


åra gjekk vart kyrkjene skakke og skeive og slik dei framstår idag er neppe slik dei var opprinneleg. Men av og til vart det gjort eit kraft-tak med oppretting slik som i Syvde i år 1700.

## GRUNNPLAN HOVEDSKIPET;

Når vi no har konstruert eit teoretisk tverrsnitt av hovedskipet får vi ei mogleg målsetting av bredde, totalhøgde, raftehøgde og hovedkonstruksjon. Neste trinn vert då å fastsetja ei sannsynleg lengde av hovedskipet. Der har vi mindre sikre holdepunkt i rekneskapen, men litt holdepunkter finnest, nok til at eg tidlegare under rekneskapskommentarane har antyda ei lengd på hovedskipet på ca 13 meter. Dette kan samanliknast med nokre kjende hovedmål på 4 kyrkjer nemnt under takverket, der kanskje kyrkja i Sande er mest nærliggande, både på grunn av naboskapen, og fordi den var av samme typen, nemlig ei korskyrkje.

Den tids folk var mykje meir styrt av tradisjon og sedvane enn kva vi er idag og det kan sjå ut som dei fyrste kyrkjebygningane er bygt etter ein tradisjon eller mal der dei enkelte hovedmål på kor og skip skal ha visse innbyrdes proporsjonar. Derimot er størrelsen svært variabel og er vel tilpassa folketalet i sokna når kyrkja vart bygt.

Når det gjeld dei første kyrkjene som vart bygt etter at kristendomen fekk fotfeste kan ein vel neppe snakke om tradisjon og sedvane, men det er dei som hevdar at dei første stavkyrkjene var



heidenske hov som vart vigsla som kyrkjer. Kanskje vart hova noko ombygde og der hovet vart rive vart ny kyrkje oppført akkurat på same staden. Her er tradisjon og sedvane også ein faktor, for det var akkurat på denne staden folket var vane å samlast for å dyrke sine gudar.

La oss sjå litt nærmare på dei få holdepunkt vi har for å anslå ei lengd på hovedskipet. I åra 1720 til 22 vart det lagt nytt tak på sørsida av kyrkja (hovedskipet). Og då skifte ein truleg ut alle sperrene også. At alle vart utskift står det ingenting om, men det vart brukt så mange som ... "16 Oplengere under Taget" som alle var 12 alen lange. Om ein no tenkjer seg ei innlagt på kvar endevegg og dei andre 14 fordelt over 13 meter får desse ein innbyrdes avstand på 86 cm noko som synest å vera sannsynleg. Reint byggteknisk kunne avstanden aukast, gjerne med inntil 10 cm, men då vart bygningen 1,5 meter lenger og dei innbyrdes proporsjonar endrar seg i ugunstig retning. Denne fordelinga er skissert under A.

I perioden 1659 til 61 fekk golvet i kyrkja ein hovedreparasjon. Det vart då nedlagt 14 stk nye tillåser eller bjelker, rimelegvis plassert i midt-romet mellom stavrekkja. Vi veit at etter eldre tiders byggjemåte vart det ikkje lagt bjelkar ut til endeveggen (veggsvillen). Der brukte ein vanlegvis eit enkelt spikarslag lagt på muren og festa til veggsvillen. Om vi tek hensyn til dette og ikkje plasserar bjelke ved endeveggen ser vi at bjelkar og sperrer ligg i eit system med akkurat samme avstand innbyrdes, 86 cm ved 13 meter total-lengde. Dette er vist ved B i skissa. Sjølv om golvborda som vart brukt i den tida hadde ei bra tjukkelse, kanskje 3 til 3,5 cm har eg ikkje like lett for å akseptere ein teoretisk auke av avstanden mellom tillåsane eller golv-bjelkane. Det skulle tross alt vera mykje folk inne i kyrkja og golvet skulle vera støtt og godt.

Denne golvreparasjonen var berre i hovedskipet og alle bjelkane er brukt der. Golvet i Korset, Fundten og våpenhuset er reparert i seinare år. Konklusjonen vert at hovedskipet i kyrkja var ca

13 meter lang.

Om vi no aksepterer ei slik innbyrdes fordeling av sperrer og bjelkar i lengderetninga får vi også eit utgangspunkt for plassering av dei berande stavane inne i kyrkjeromet. I alle kjende stavkyrkjer av typen med innvendig stavrekkje (kollonnade) er eit system der sperre og stav samsvarar. Dei fleste har stav under annankvar eller tredjekvar sperre. I Kaupanger der stavane står svært tett (ca 1,5 meter) er lagt ei sperre for kvar stav slik at sperrane har same innbyrdes avstand, 1,5 m.


Tillåsane eller bjelkane er ikkje i samme grad ein del av konstruksjonen og der er som oftast den innbyrdes avstand og plassering meir vilkårleg og bestemt utifrå dimensjon og underlag.

At bjelkar og sperrer samsvarar slik i Syvdekyrkja kan vera reint tilfeldig.

Ved å plassere ein stav under tredjekvar sperre får ein her ei stavrekkje som ligg symmetrisk i kyrkjeromet der dei berande stavane har ein avstand på  $86 \times 3 = 2,58$  meter. Innvendig i kyrkja vert då ei stavrekkje med 4 stavar. Dette er markert på grunnplanskissa.

Dette vert sjølvsagt høgst teoretisk og er ikkje dokumentert, men ut ifrå det vi veit er dette ei sannsynleg innvendig stavrekkje.

**KORET;** Om dette har vi lite dokumentasjon som kan nyttast til målsetjing og dimensjonering, men etter tradisjon og sedvane er koret oftast ei gjentakning av hovudskipet sitt tverrsnitt, då



med mindre bredde og høgde. Takvinkelen over kyrkja vert oftast gjenteken over koret. Det er også vanleg i kyrkjer med innvendig stavrekkje at ytterveggen i koret er ein fortsettelse av denne.

Stavane i koret er då ein samanbygt del av veggen.

I perioden 1696 til 98 vart ein langsvill på søre side i koret utskift. Denne var 10 alen = ca 6,2 meter og vart innlagt ved A. På skissa har eg antydning mellom-stav i langveggen på koret (ved A). Dette er truleg ikkje rett i det svillen er nemnd som ei lengde. Etter dette får koret ei grunnflate som vist på skissa.

Ved å redusere avstanden mellom stavrekkje og ytterveggen i hovudskipet med 20 cm kan teoretisk bredde på koret aukast med 40 cm til 5,7 meter.

Dette leier tanken hen til ein "Ryeholdt" som var 9 alen lang = ca 5,7 meter. Denne vart oppsett på

"CoerVæggen" i 1717 til 19 og er nærmare forklart under kommentarane til rekneskapen dette år.

Når det gjeld høgda på koret har vi ingen holdepunkt, men om ein går ut ifrå samme raftehøgde som hovedkyrkja og med samme takvinkel, vert koret ca. 8,8 meter til mønet, då med den her skisserte breidda.

År 1690 til 92 vart kledninga på korets sørvegg og taket på sørsida reparert og er nemnt som eigen post. I 1692 vart innlagt 2 nye bjelker under taket i koret. Dette tyder på at koret var eige tilbygg som her er skissert, men også at koret hadde annan type konstruksjon enn hovedskipet. Alle stader der kompassretningar er nemnt tyder på at koret låg i austenden av kyrkja og vende såleis mot Vikehornet. Dette er forøvrig den tradisjonelle retninga ved dei fleste kyrkjer.

Om vi igjen samanliknar med Sandekyrkja så er koret der oppgitt til 20 x 28 fot eller 6,20 x 8,70 meter, noko som er ein uvanleg størrelse. Ein annan stad er koret der beskrive med eit 4 alner langt tilbygg med tårn på. Truleg er dei oppgitte måla på koret inklusiv dette tilbygget og det vanlege koret er ca. 6,2 x 6,2 meter. Dette viser at både hovedskipet og koret i Sandekyrkja



er noko større enn Syvdekyrkja, men at dei innbyrdes proporsjonar er omtrent identiske. Dette tårntilbygget til koret er imidlertid spesielt for Sandekyrkja.

**VÅPENHUSET;** Dette låg sjølvstøtt i vestenden av kyrkja vendt mot fjorden, og fekk nytt tak i 1659 samtidig med hovedskipet. Vi får då oppgitt lengda på taksvilane (vindskiene) som er 6 alen = 3,8 meter.

Om no våpenhuset har samme takvinkel som hovedskipet vert breidda ca 3,6 meter.

År 1722 fekk våpenhuset ny "Kiøl" eller mønekam. Denne er målsett til 6 alen = 3,8 meter.


Normalt skal den vera lenger enn sjølve bygningskroppen, og ein sannsynleg grunnflate vert då ca.  $3.6 \times 3,6$  meter = ca. 13 m<sup>2</sup>.

Etter dei reparasjonar som er gjort på våpenhuset gjennom åra, er det truleg at dette også var stavkonstruksjon med samme oppbygning som koret. Høgda får vi ingen indikasjonar på, men det er rimeleg å anta ei raftehøgde mellom 2,5 og 3 meter.

Våpenhuset i Sandekyrkja, som vi lett samanliknar med, var 12 x 12 fot = ca. 3,7 x 3,7 meter. Sandekyrkja er interessant til samanlikning av fleire grunnar; den var av samme type som Syvde kyrkje, den var nær nabo og syvdingar og sandefolk har gjennom tidene hatt mykje samkvem, og at den vart utvendig oppmålt før den vart riva.

**Det som til no er beskrive og delvis rekonstruert er sannsynlegvis den opphavelige Syvdekyrkja. I så fall er det rimeleg å tru at ho har hatt svalgang rundt, og at det tårnet som er nemnt i 1717 er frå denne tida. Det kunne ha vore ein liten takryttar som sto i vestenden, noko som var det mest vanlege.**

Dei første kyrkjene vart bygt etter malen; Våpenhus, hovudskip og kor med retning etter samme rekkefylgje vest - aust. Dei fleste korskyrkjene i stavverk vart først bygde som einskipa kyrkjer.



**STAVKYRKJE**

Det same gjeld for kyrkjebygg i murverk (stein). Bygningsmessige undersøkingar av dei igjen-verande korskyrkjene har vist at korsarmene har kome som seinare tilbygg, og at desse tilbyggane helst har kome på 15 og 1600-talet.

**GARMO**

Skisse  
arkitekt  
Ole Øvergård

Denne stavkyrkja, som no står på Maihaugen, Lillehammer, antek ein har hatt tre utviklingsstadier. Først som vanleg einskipa kyrkje med lavare kor og våpenhus. Så er koret blitt utvida og forhøya som forlenginga av kyrkja. I begge disse stadier har kyrkja hatt svalgang. I siste stadium er svalgangen fjerna og begge korsarmane er tilføya, det siste på 1600-talet. Begge korsarmane er oppført i lafting. Denne byggemåten vart vanleg på denne tida. Det er slett ikkje urimeleg at Syvdekyrkja kan ha hatt ei liknande utvikling, men korsarmane må då ha vore tilbygt seinast rundt år 1600, kanskje på 1500-talet. I dei fyrste åra etter 1650 ser det ut som det er hovedskipet som har hatt størst reparasjonsbehov. Kårset og Fundten har ikkje større reparasjonar før etter skadestormen i desember 1690. Frå den tid og utover er også desse bygningsdelene stadig reparert. Dette kan tyda på at både "Kårset og Fundten" har vore nyare enn hovedskipet og først fram mot 1700 kom reparasjonsbehovet klart fram.

Svalgangen som var på dei fleste stavkyrkjer hadde 3 hovudformål;

1. Den verna dei nedre deler av veggen og botnsvillen for ver og vind og auka dermed kyrkjebygningen si levetid dramatisk.
2. Når svalgangen gikk rundt heile bygget hadde den ein avstivande effekt som for Syvdekyrkja sin del kanskje gjorde desse svære skråstøttene overflødige.
3. I dårleg ver var den ein sosial samlingstad for kyrkjefolket før og etter høgmessa. Der kunne ein handla krøtter, festa tenarar, avtala med mannskap til vinterfiskje eller berre treffast. Ein må rekna med at inne i sjølve kyrkja skulle det vera meir ro og høgtid.

I desse eldste kyrkjene gjekk ikkje taket på svalgangen heilt opp under takskjegget på kyrkja. Mellom takskjegget og toppen på svalgangtaket vart ei lita veggflate som det vart skore runde hol i, ca 10 til 20 cm. diam, som lyskjelde og til ventilasjon. I tillegg var det hengsla luker høgt oppe på gavlveggen. "Vinduesluger" er nemnt fleire gonger i Syvdekyrkja sin rekneskap. Vanlege vindu med glasruter i kom ikkje før på 15 - 1600-talet og dei første vindua var små.

Tårnet eller takryttaren som er nemnt i Syvdekyrkja i 1717 er fjerna eller riven ein eller annan gong etter 1723 då kyrkja kom i privat eige. Dette kan tydst slik at det då var så gammalt og dårleg at det ikkje var bøtevon og dei private eigarane ville ikkje ta kostnaden med å byggja nytt. I ei periode fram til 1836 har kyrkja vore utan tårn og kyrkjeklokka har då sikkert hengt i støpul på kyrkjegarden.

Før eg no går vidare vil eg forsøke å skissera opp kyrkja slik ho truleg har sett ut i mellomalderen (før 1500), og før ho vart ombygd til korskyrkje. I denne skissa er kor, hovedskip og våpenhus teikna etter dei mål eg til no er komen fram til.

Koret er gitt ei bredde på 5,7 meter for å høve til den før omtalte ryholt.

Tårnkonstruksjonen er fri fantasi, men plasseringa er ikkje heilt tilfeldig. Tre gonger er ein kjølsvil på hovedskipet nemnd i rekneskapen, men med ulike mål, 15, 16 og 18 alen. På skissa er avstanden frå tårnet (takryttaren) og til austenden av mønet 16,5 alen.

Svalgangen er tilføya etter mønster frå andre stavkyrkjer. I mellomalderen var regelen at hovedinngangen var mot vest. Inngangsdøra (portalen) var smal og svært høg, gjerne over 3 meter, som her er antyda i våpenhuset. Vidare skulle der vera ein sideinngang, mot syd, som eg har markert med eit mønetak i svalgangen. Etter at kyrkja var ombygd til korskyrkje var der også ein inngang frå sydsida (dør til Fundten). Tilslutt skulle der vera ein korinngang for presten. Denne var ofte også på sydsida av koret, på skissa har eg plassert denne for enden av koret, mot bygdevegen mot aust. Regelen var ikkje så stivbeint at ein ikkje tok hensyn til ver og vind og lokale forhold, og eg vil tru at her vart ein meir lun og avskjerma inngang for presten. På nordsida var det ikkje inngang til sjølve kyrkja, men mange stader var der likevel ein inngang

til svalgangen. Ein slik har eg også markert i det ei såpass lang sval bør ha inngang der. I alle utvendige hjørner av svalgangen er avsett eit blindfelt (ikkje opning). Der bør det ha vore innfelt skråavstivning for konstruksjonen sin del.

I 1677 er nemnt "trej Smaa Træspidrer paa Kirchen". Dette må vera små spir som vart oppsette i mønespissane til dekorasjon. Desse har eg markert på denne skissa.


## **KAARSET og FUNDTEN;**

Etter rekneskapen er det klart at i 1659 var Olavskyrkja i Syvde ei korskyrkje. Det vil seia at hovedskipet hadde sideskip eller korsarmar tilbyggt på begge sider. Desse tilbygga står i andre kyrkjer tvers overfor kvarandre slik at dei tilsaman dannar ein tverrakse nord-syd på bygningen. Desse tilbygga er nok oppført for å gje plass til ein veksande kyrkjelyd, og i alle fall var den eine korsarmen, som vert kalla "Kaarset", utstyrt med stolar (benker) for almugen. Den andre korsarmen er kalla "Fundten" og var nok eit dåpssakristi. Etter namnet var døpefonten plassert der. I vårt distrikt har Kvernes stavkyrkje også ein "fundt", eit tilbygt dåpssakristi.

Etter det ein kjenner til var ingen av stavkyrkjene i Norge opphaveleg korskyrkjer. Dette var ombyggingar som vart gjort kring reformasjonen på 15- og 16-hundretalet. På same tid vart svalgangane ofte fjerna og ein sette inn vindauge med glas i, noko som då var nytt i Norge. Mange meiner at korsforma og dei mange halvrunde kortilbygga med tårn som vart tilbygt skal vera ei etterlikning av Nidarosdomen som då hadde fått si endelege form.

Ombygginga ved Syvdekyrkja var altså utført ein eller annan gong før 1659. Det året vart det etter rekneskapen utskift ein "syld" i "Fundten". Ein syll er som kjent ein fundamentstokk som bygningen står på, og som normalt ikkje vert utskift før den er sterkt "anløben" eller oppråtna. Kva levetid ein slik kan ha kan variera etter forholda, men med god kvalitet på treverket burde den kunne ligge 80 til 100 år, eller under gunstige forhold mykje lenger. Dermed får vi eit antatt siste år for ombygginga, som vert ca.1580, men det kan ha vore gjort fleire tiår før. På denne

tida var folketalet veksande og landets økonomi var i ferd med å koma på fote etter svarte-dauden. Det kan nemnast at skattelista 1520 viser at dei fleste gardar igjen var busette.



3 Garmo


I den eldste katolske tid var døpefonten plassert i vestenden av kyrkja. Den sto då ved inn-gangen på kyrkja si nordside (kvinnesida), eller i eit par tilfelle i eige dåpskapell i våpenhuset.

Tanken var vel då at ein skulle gjennomgå dåpens reinsing før ein fekk adgang til kyrkja.


Av dei gamle døpefontane frå middelalderen skal det vera bevart ca. 90 stk. Illustrasjonen viser døpefonten som sto i Garmo stavkyrkje som det før er vist skisse av. Desse

var alle uthogd i stein, av dei bevarte er ein i marmor, nokre få i granitt eller annan hard steinsort, men dei aller fleste er i kleberstein som er lett å bearbeide. Høgda på dei er omtrent ein meter, og i øverste delen er uthogd eit basseng som var stort nok til at ein for spebarn kunne døypa med fullstendig neddykking. For voksne skulle i alle høve heile hovudet vera under. I gamle skrifter heiter dåpen "skira", og døpefontane vert nemnde som "funtr, skirnarbrunnr, skirnarsar, vatnsteinn". Det siste namnet kan visa til at dei alltid var laga av stein, og der er ingen kjende av tre eller metall. Erkebiskop Jørunds statutt av 1290 påla sokneprestane å halde døpefontane reine, og erkebiskop Eilifs statutt av 1320 tilføya at dei skulle vera tette og dekkja med lokk.

Ved reformasjonen vart døpefonten flytta opp i austenden av hovedskipet, på nordsida overfor preikestolen, eller til eige dåpssakristi, eller til koret. Omtrent samtidig vart dåpshandlinga redusert til berre overausing av vatn, og det store bassenget i fonten vart då overflødig. Derfor vart det laga dåpsfat, eller iflg. vår inventarliste av 1689; "Messingbechen i Fundten" som kvilte på kanten av den store døpefonten. No skal vi ikkje venta at Syvde kyrkje hadde eit slikt kunstverk som her er avbilda, men av dei ca. 90 bevarte er det eit stort utvalg i former og utførelse, frå det heilt enkle til det enno meir kunstferdig utforma. Vi kan her ta med eit par stykker til;



Gloppen



Fåberg

Vi må gå ut i frå at plasseringa av døpefonten har hatt same utvikling også i Syvdekyrkja og at den ved ombygginga vart sett i den eine av korsarmene som då vart kalla "Fundten". Denne delen(romet) hadde kanskje benkar berre langs veggane og vi veit at romet hadde eigen dør (inngang) slik at dei udøypte kunne koma inn utan å gå gjennom kyrkja. Aksen til desse korsarmene gjekk nord-syd, men av teksten kan vi ikkje heilt sikkert lokalisere kva side av hovedskipet dei låg på. Eg har likevel ei sterk kjensle av at "Kaarset" var på sydsida, og "Fundten", eller dåpssakristiet, på nordsida av kyrkja som skikken tilsa. Om så var tilfelle vende inngangsdøra til "Fundten" mot nord. Inngangsdør til "Kaarset" er ikkje nemnt, men det er truleg at der var dør som vende mot "Storegarden", og at kyrkja derved fekk den sydportalen som var vanleg.

Ved tilbygginga av "Kaarset", som hadde sitjeplassar for kyrkjelyden, er det rimeleg at veggen og nederste del av takverket vart utteke av hovedskipet i heile tilbygget si bredde.

Derimot kunne det ved tilbygginga av dåpssakristiet på motsatt side berre vore utteke ei høveleg stor opning i veggen inn mot kyrkja, og at den gamle ytterveggen sto nesten intakt. I 1709 vart det innlagt "en nye Svil 14 alen under dend Store Kirche". 14 alen er ca. 8,8 meter, og ei slik lengde kan ikkje plasserast utan at ein av langveggane i hovedskipet sto uendra som før.


Når det gjeld alminnelige utvendige reparasjonsarbeider som gjeld tak og vegger har ein brukt nemninga Kaarset på begge korsarmene eller Kirken som eit generellt begrep. Ved innvendige reparasjonar, eller arbeider sett innifrå, har ein skilt mellom dei to "avdelingane" ved å bruka namn etter funksjonen, Fundten og Kaarset. Difor er Fundten etter teksten "berre" reparert sett frå innsida, den har fått ny syllstokk under golvet, nye tillåser, nytt golv, ny dør, 2 nye vindauge, og i berre eit enkelt tilfelle reparert bordtaket ved Fundten med nokre bord.

Derimot har "Kaarset" fått utført uforholdsmessig mykje utvendig reparasjon. Sett frå utsida har nok dåpssakristiet berre vorte sett på som ein av korsarmene og difor fått same nemninga.

Når vi no skal rekonstruere størrelse og plassering av desse korsarmene kan vi dra visse slutningar ut i frå rekneskapen. Men la oss først sjå litt på Sandekyrkja som vi tidlegare har samanlikna med. Der var krossane like på begge sider og målte 20 x 20 fot. Det vert ein størrelse

på ca. 6,2 x 6,2 meter.

På dei kyrkjene som har vorte ombygd til korskyrkjer er regelen at begge korsarmene er heilt like av størrelse og står på same akse, og at ein derved har prøvd å halde på symmetrien til bygningen. Og i dei fleste tilfelle er mønehøgda noko lavare enn hovudskipet.



År 1690, då eine korsarmen vart sterkt skada av storm, vart det ved reparasjonen nedlagt 2 nye syllar a 9 alen. = ca 5,7 meter. Syllane i korsarmene bør gå i 90 graders vinkel ut frå hovudskipet og dette er då truleg målet på kvar av korsarmene retn. nord-syd. I 1698 vart det innlagt ein tverrsvill "udi Kaarset" som var 10 alen = 6,2 meter. Dette vart då målet på kvar korsarm aust -vest eller paralelt med hovudkyrkja. Dermed vart korsarmene litt mindre enn i Sandekyrkja.

Etter dette kan Syvdekyrkja år 1659 hatt eit grunnplan som denne skissa viser.

A = Koret i den austre enden.

B = Hovedskipet med sannsynleg stavrekkje.

C = Våpenhuset i den vestre enden.

D = Fundten eller dåpssakristiet mot nord.

F = Kaarset med sitteplassar, på sørsida.

G = Presteinngang, kan også ha vore på sørsida.

H = Inngang til Fundten, nemnd 1712. Den kan

også ha vore på sideveggane.

I = Vestinngangen til våpenhuset som var hovedinngang til kyrkja.

J = Inngangen til Kaarset var truleg her.

K = Preikestolen, den hadde som regel trapp opp frå koret.

Dåpssakristiet kan etter dette synest noko stort i høve til resten av kyrkja. men det kan også ha andre funksjonar, til dømes skap og lagerplass for kyrkja sitt inventar. Om begge dørene var låsbare var dette tryggaste plassen til slik lagring.

Eg meiner å vite at i eldre tider skulle ikkje kyrkjene vera avlåste.


For å rekonstruere korsarmene sin konstruksjon må vi sjå litt nærare på dei arbeid som vart gjort etter stormskaden i 1690. Det er nærliggande å tru at det var takverket som vart nedblese og at ytterveggane sto igjen omtrent uskada. Ein del av takverket ville då truleg falle ned i romet og gjera skade på inventaret, og som vi ser vart det "opsat i Kaarset 8 nedfalne Stoler". Dette gjer det klart at det var den søre korsarm som vart "Sønderbrøt", og dette høver bra med dei lokale forhold fordi på denne staden kjem den verste skadevinden frå syd -sydaust.

Vi ser at det då vart oppsett 2 nye staver som etter kostnaden må ha hatt minst same dimensjon som den som vart utskift i hovudskipet i 1660. Etter dette kan vi rekna med at korsarmene var oppført i stavverk likeeins som hovudkyrkja. Om desse tilbygga var oppført i lafteverk, som ellers vart vanleg frå 1600 og utover, skulle der ikkje vera stavar i konstruksjonen.

Der er utskift ein "Bielche eller Beite som holder Stafuerne tilsammen". Denne er 12 alen lang = 7,6 meter. Korsarmen kan ikkje hatt slike dimensjoner, hverken i høgde, bredde eller lengde.

At den holder stavane tilsaman kan tyda på at det er ein bete eller takås under sperrene og at denne har lagt i same høgde som den tilsvarande i hovedskipet og har vore ført inn til samanføyning med denne. Om dette høver skal vi sjå i skisse seinare.

Når no dei berande konstruksjonar var nedrivne har ein nytta anledningen til å reparera golv og fundamentering. Der er utskift begge syllstokkane som er fundament både for golvbjelkane og



stavane med takverket. Disse burde utgå frå hovedskipet sin yttervegg og i heile tilbygget sin lengde. Det oppgitte mål 9 alen er heilt sikkert hovedmålet på korsarmen nord-syd. Når ein har målsetjing på ein av korsarmane kan ein rekna med at den andre er tilnærma lik.

Etter desse arbeida er det lett å tru at korsarmane sin konstruksjon

var ein repetisjon av hovedskipet sitt tverrsnitt, men med mindre midtrom mellom stavrekkjene tilsvarande korsets mindre totalbredde. Det ville då vera naturleg at korsarmane også hadde same takvinkel og same raftehøgde.

År 1712 vart det "oplagt på Kaarset een Kiølsvil 14 alen lang", som er ca 8,9 meter. Dette er sjølvsagt berre på den eine korsarmen. Dette målet vil truleg stadfeste dei førnemnde.

A = det tidlegare rekonstruerte tverrsnitt av hovedskipet.

B = teoretisk tverrsnitt av ein korsarm etter dei oppgitte mål i rekneskapen.  
Grunnflate er  $5,7 \times 6,2 =$   
ca 35 m<sup>2</sup>.

C = Dei to stavane som vart utskift er i dette opprisset innsett med same høgde som stavane i hovedskipet. Med same raftehøgde vert då den lavaste del av takkonstruksjonen lik med den på hovedkyrkja.

D = den bjelke eller bete som eg antok var ein takås. Den er her ført inn til samanføyning med den tilsvarande i hovedskipet. I denne konstruksjonen vert rett lengde 7,2 meter = 11,4 alen.


E = Kiølsvilen nemnd i 1712 vert etter dette opprisset ca 9,0 meter = 14,3 alen. Som vi ser er måla på dei kjende bygningsdelene så tilnærma lik det som er oppgitt i rekneskap frå den tida, at den form på kyrkja som her er konstruert ikkje kan vera langt fra sanninga. Men det er klart at ei lita feiltolking av takvinkel eller hovedmål kan vera gjort, utan at dette i hovedtrekk vil gjera den heilt store endringa.

F = Etter amtmann Erich Must si befarung i 1717 vert det klart at kyrkja hadde bordkledd tak eller himling innvendig, og at denne var i dårleg forfatning. Amtmannen er då redd for at deler av himlingen kan falle ned og gjera folk skade. Vi veit at mange av dei gamle stavkyrkjene opphavelig hadde open takstol, men at dei fleste fekk innlagt himling på 15 og 16-hundretalet. Mange av kyrkjene fekk då himling i hovedskipet som danna ein bue eller sirkelsektor under takstolane, og det kan det også ha vore i Syvdekyrkja. Korsarmen derimot hadde truleg flat himling i same høgde som takåsane. Om dette var tilfelle var truleg den nederste delen av taket i hovedskipet i midtre del av korset fjerna ved tilbygginga slik at det vart full opning til korset.

G = Dei 4 gratrennene som vert mellom hovedkyrkja og korsarmane er truleg alle utskift i denne 65-årsperioden. Dei er då nemnde med ei lengde på 13 eller 14 alen. I oppslaget ved G er den korte streken høgda på hovedtaket som er 12 alen, og vi ser at rennelengda går høgge opp og vert ca 13 alen. Ei forutsetning for at dette skal stemme er at raftehøgda er lik og at høgde og takvinkel på begge tverrsnitta er omtrent slik som her er skissert.

Den andre korsarmen, Fundten som låg på nordsida, hadde truleg dei samme hovedmål og høgde, men om der var teke full opning inn til hovedskipet er usikkert. Den kan difor hatt himling i raftehøgde, men ettersom den hadde separate syllstokkar er det rimeleg å tru at den hadde same konstruksjon med frittstående stavar. Vi får ingen indikasjon på kor mange stavar som sto i rekkja i desse korsarmane, men i den foregåande skissa har eg antyda eit truleg antall og fordeling.

I alle dei åra vi kan fylgje vedlikehaldet har ein passa på at kyrkja var godt avstøtta med skorer, og kanskje spesielt etter stormskaden i 1690. Dei lengste av desse støttene var 24 alen, eller ca 15 meter lange tømmerstokkar. For at desse skulla ha nokon hensikt måtte ein finne eit anslagspunkt på kyrkja som kunne tåle påkjenninga. Det beste punktet vert då enden av takåsan som stikk ut oppe på gavlveggane. Dei 4 fløyane har då 8 anslagspunkt. Der kan også ha vore støtter sideveis opp mot hjørnestolpane på gavlveggane.



Av desse støttene kan det sjå ut som det har vore 2 hovedyper. Dei lengste har vore 20 eller 24 alner og har nok stått opp til enden på takåsan som har same høgde både i hovedskipet og korsarmane. På skissa har eg forsøkt å illustrere dette ved at A. er 20 og E. er 24 alner. Den andre typen er fra 16 til 18 alen og har nok vore sidestøtter til hjørnestavane etter behov både på hovedskipet og korsarmane. På skissa er B. og D. 16 alen lange. Vidare er det nemnt 10 alen lange støtter til våpenhuset.

Desse støttene har truleg hatt eit fotfeste eller anslag mot steinheller som var sett ned i jorda. Kor mange støtter det ialt har vore oppsett er ikkje råd å finna ut, men det er rimeleg at hovestøttene A og E har stått permanent, 2 stykker mot kvar gavlvegg, og så har det vore oppsett støtter av den korte typen B og D etter behov. Kanskje har korsarmane hatt ei av denne typen på kvart ytterhjørne i ca 45 graders vinkel, og likedan på korhjørna mot aust.

Dette systemet med avstøtning av bygningen er slett ikkje vakkert, og det er lite rimeleg at dette

er opphavelig. Om kyrkja vart fyrst oppsett med svalgangar, slik som eg trur ho var før desse tilbygga kom til, var truleg ei slik avstøtning unødvendig. Når kyrkja så vart ombygd til korskyrkje vart svalgangane fjerna, slik som vart gjort ved andre ombygde stavkyrkjer på denne tida. Samstundes vart store deler av ytterveggen teken bort, i alle høve mot den eine korsarmen, og dette reduserte stabiliteten slik at ein etter kvart måtte til med utvendig avstøtning.

Når det gjeld innvendig planløyising og organisering finns der ingen holdepunkt for at Syvdekyrkja var annleis enn det som var normen på den tida. Det einaste litt spesielle er plasseringa av døpefonten, men eg kan ikkje finne annan forklaring enn det som tidlegare er forklart.

**Etter dei konklusjonar eg no har kome fram til burde det vera klart for oppteikning av dei utvendige fasadene slik kyrkja må ha sett ut år 1650.**

